Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 21. februar 2026 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Rv. 36 på strekninga Manheimstrandi-Hønså bru-Verpe i Midt-Telemark og Seljord kommuner. Uttalefristen er sett til 17. april 2026.

Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for å etablere ny flaumsikker Hønså bru over Bjønndøla, og å oppgradere eksisterande Rv. 36 frå Underberg vest for Vefall i Seljord kommune til Verpe i Midt-Telemark kommune. Planområdet er på rundt 380 dekar.

Fylkeskommunen har tidlegare kome med innspel til varselet om oppstart av planarbeid, jf. breva våre av 12. mai 2025 og 29. oktober 2025, der vi særleg hadde kommentarar til kulturminne, jordvern og vassressursforvaltning.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 5-2.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtala blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Interessene til born og unge i planlegging

Planomtalen har gjort god greie for interessene til born og unge langs vegen i planområdet. Fylkeskommunen er fornøgd med at føresegnene særleg vektlegg tiltak for trygg ferdsel til leike- og badeplassen ved Hegna camping i samband med anleggsarbeidet.

Vilt og fisk

Me gjer merksam på at dersom det skal gjerast fysiske inngrep i vassdrag, og tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, må tiltaket vurderast etter *forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*. Forskrifta gjeld uavhengig av plan- og bygningslova og planprosessen. Fylkeskommunen er styresmakt for strekningar utan laks, sjøaure og/eller kreps, og det må søkjast om løyve.

Automatisk freda kulturminne

Telemark fylkeskommune gjennomførte i feltsesongen 2025 en arkeologisk registrering av planområdet i forbindelse med reguleringsplan for Manheimstrondi - Hønså bru - Verpe.

Norsk maritimt museum gjennomførte en arkeologisk undervannsregistrering i april 2026, uten at det ble påvist funn.

Ved fylkeskommunen sin registrering ble det påvist flere automatisk fredete kulturminner på land. Etter at planområdet er blitt redusert i forbindelse med offentlig ettersyn, ligger de fleste nå utenfor planavgrensningen.

Ett kulturminne, gravhaug ID 49044-1, ligger imidlertid fortsatt innenfor planområdet, og vil komme i nær tilknytning til planlagte tiltak.

Det vises til vår oversendelse 24.03.2026 hvor det ble bedt om at de omtalte merknadene innarbeides i planens bestemmelser og plankart. Fylkeskommunen har fått opplyst at merknadene vil bli fulgt opp (vår ref. 25/09623-23).

Det forutsettes at føringene i den forenklede konsekvensutredningen, i kapittel 6.1 «Foreslåtte tiltak», legges til grunn og innarbeides i planens felles bestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 12-7 nr. 6. Dette gjelder utforming av skråning mot veg, hvor tilsådd skråning med lokale arter anbefales. Bruk av geonett bør vurderes dersom det er nødvendig av hensyn til stabilitet. Plastring med stein tilrådes ikke. Vi ber om at disse forholdene presiseres i planens felles bestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 12-7 nr. 6.

Videre må overlapp mellom hensynssone H 570_1 og arealformålet AVG i plankartet rettes, slik at sonene ikke overlapper.

Bestemmelsestekst under punkt 3.1.5 om kulturminne ID 139389 må tas ut, da kulturminnet ikke lenger finnes.

Avslutningsvis bemerkes det at tekst om meldeplikten etter kulturminneloven § 8 andre ledd ikke hører hjemme under punkt 2.3. «Kulturminne», jf. plan- og bygningsloven § 12-7 nr. 2. Denne teksten kan fjernes fra planens bestemmelser. Meldeplikten gjelder uavhengig av dette.

Kulturminneforvaltningen vurderer at det planlagte tiltaket med utviding av veg og tilhørende vegskjæring ikke er egnet til å skade eller fremkalle fare for skade på kulturminnet, og ei heller at det er utilbørlig skjemmende, forutsatt at føringene i den forenklede konsekvensutredningen følges.

Dersom disse merknadene innarbeides i planens bestemmelser og arealkart, har kulturminneforvaltningen ingen ytterligere merknader til saken.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
MIDT-TELEMARK KOMMUNE
SELJORD KOMMUNE

Saksbehandlar

Hanne Birte Hulløen - hovedsaksbehandlar
Ole Bjørn Bårnes - fisk- og viltforvaltning
Brynhildur Baldursdottir - automatisk freda kulturminne

tlf. 90 17 67 96
tlf. 95 07 30 43
tlf. 971 10 625

e-post: hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no
e-post: ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no
e-post: b.baldursdottir@telemarkfylke.no



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

Vår dato: 16.04.2026
Vår ref.: 202508709-8 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 24/15539

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs generelle tilbakemelding - Høring - Detaljreguleringsplan for rv. 36 frå Verpe til Manheimsstrondi med bl.a. ny bru over Bjønndøla - Planid. 202501 - Midt-Telemark og Seljord kommuner

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 21.02.2026.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVEs generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVEs saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVEs nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVEs kartløyisingar.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne dato. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

STATENS VEGVESEN

Kopimottakarar:

SELJORD KOMMUNE

Midt-Telemark kommune



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato: 17.04.2026
Vår ref: 25/02367-12
Dykkar ref: 24/315539-68

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Rv 36 Hønså bru i Midt-Telemark og Seljord kommunar

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 21. februar 2026.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Statens vegvesen har lagt reguleringsplan for Rv 36 Hønså bru i Midt-Telemark og Seljord kommunar, ut på høyring og offentleg ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny bru over Bjønndøla med gode planløyningar på begge sider av vassdraget, og utbetring av strekninga til 9 meter vegbreidde frå Mannheimsstrondi til Verpe.

Fråsegn frå DMF

DMF viser til vårt fråsegn til varsel om oppstart, datert 19. mai 2025. Der peikte vi på at uttak av mineralressursar i drift gir vesentleg betydning for vårt ansvarsområde, og at det burde bli gjort ei ny vurdering av om planen krev konsekvensutgreiing.

Forslagsstillar har i ettertid oppretthaldt vurderinga om at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, på grunn av at planen legg opp til å minimere konsekvensar for masseuttak. Vurderinga vart lagt fram for DMF i etterkant av varsel om oppstart. Forslagsstillar har i same dialog avklart at ny veg ikkje kom i konflikt med konsesjonsområda til masseuttaka Herremo og Øveråsli, men at det kunne bli aktuelt med ny tilkomst til Herremo og ein reduksjon av vegetasjonsskjermen. DMF ga tilbakemelding om at det i reguleringsplanen må bli gjort greie for verknaden på omgjevnadane frå uttaket som følgje av endringane.



Vi viser også til vårt fråsegn til varsel om utviding av planområdet, datert 30. oktober 2025. Der ga vi innspel om at det må bli avklart korleis uttaksområdet skal bli implementert i reguleringsplanen, inkludert om massar frå uttaket skal nyttast i planarbeidet og om uttaksområdet skal nyttast som mellombels massedeponi. Vi bad om at drivarane av masseuttaka blir varsla og involvert i planprosessen.

Herremo

Endring av arealføremål

Herremo er i dag regulert til *steinbrot og masseuttak* og innanfor område for sikring av grunnvassforsyning, i områdereguleringsplan for Bø vassverk Herremo. Føresegn 4 i gjeldande områdereguleringsplan gir føringar knytt til omsynssone for grunnvassforsyning. Føresegn 4 punkt 6 krev at uttak av sand og grus ikkje skal gå djupare enn 3 meter over grunnvassnivå, som tilsvarar kote 118. Det er opna for å ta ut massar ned til kote 117, under føresetnad om fortløpande tilbakefylling av massar med > 20 % silt/finsand opp til kote 118. Desse føringane er tatt inn i gjeldande driftsplan til driftskonsesjon etter minerallova.

Masseuttaket er foreslått omregulert til *vassforsyningsanlegg* i forslag til plankart. Føresegn knytt til uttak av sand og grus innanfor omsynssone for grunnvassforsyning i føresegn 4 punkt 6 i gjeldande områdereguleringsplan, er vidareført i føresegn 4.1.1 punkt 5. Føresegn 3.1.5 *Vassforsyningsanlegg, VF*, fjerde ledd, gjer greie for at føremålsområdet omfattar eit noverande grustak som skal avsluttast i samsvar med avslutningsplan til driftskonsesjon etter minerallova. Som tiltakshavar gjer greie for i kapittel 9.9 s. 57 i planomtala, betyr arealføremålsendringa at drifta av massetaket ikkje har heimel etter plan- og bygningslova, og ikkje har moglegheit til å fornye konsesjon.

Drivar har heimel til å ta ut resterande massar i den eksisterande verksemda i tråd med gjeldande driftskonsesjon, jf. plan- og bygningslova § 12-4 og merknad til § 12-4 i kapittel 6.12 i ot.prp. nr. 32 (2007-2008) *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen)*¹:

Reguleringsplanen griper ikke inn i eksisterende virksomheter. Men som etter kommuneplanens arealdel kan det i bestemmelser til reguleringsplaner stilles vilkår og krav som kan innebære at virksomheten må utøves på en noe annen måte enn tidligere. [...] Det er nye tiltak som ikke må være i strid med planen. [...] Dersom det er behov for å endre bestående forhold kan imidlertid planen gjennomføres ved ekspropriasjon.

Forslagsstillar bekreftar dette i planomtala kapittel 5.1 s. 12:

I løpet av planprosessen blei det avgjort at arealføremålet «steinbrot og massetak» i gjeldande reguleringsplan ikkje skal vidareførast i denne reguleringsplanen. I staden blir området omgjort til grønstrukturføremål. Dette inneber at det ikkje kan takast ut fleire masser når konsesjonen går ut.

DMF stiller difor spørsmål til formuleringa i kapittel 9.9 s. 57: «Derfor er det ikkje kritisk for mineralressursen at det ikkje kan takast ut meir masse innanfor det aktuelle området». Slik denne setninga no er formulert kan det tolkast som at det ikkje kan takast ut meir masse ved vedtak av reguleringsplanen.

¹ Ot.prp. nr. 32 (2007-2008), kapittel 6.12: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-32-2007-2008-/id500508/?ch=6#kap6-12>



Så framtt uttaksdrifta kan halde fram i tråd med gjeldande driftskonsesjon, vurderer DMF at reguleringsplanforslaget ikkje endrar føresetnadane for dagens drift i masseuttaket i særleg grad. Vi tar til følgje at det er vurdert at omsynet til grunnvassførekomsten ikkje er samsvarande med ein eventuell framtidig utviding av masseuttaket.

Reduksjon av vegetasjonsskjerm

Det går fram av planomtala kapittel 9.9 s. 57 at vegetasjonsskjermen mellom uttaket og vegen blir noko redusert. I vår dialog med forslagsstillar bad vi om at det i planen blir vurdert korleis denne endringa vil verke på omgjevnadane, spesielt med tanke på støy og støv frå uttaket. Det er utarbeidd ein eigen støyrapport som vurderer støy frå vegen. Verken denne eller planomtala, inneheld nokon vurderingar av om og eventuelt korleis verknaden frå støy og støv i uttaket blir endra som følgje av mindre skjermingsareal.

Endring av åtkomst

Det er foreslått å endre åtkomst til masseuttaket. I dialog med forslagsstillar etter varsel om oppstart, ga vi innspel om at endringar som kan påverke uttaksdrifta, må avklarast med tiltakshavar av masseuttaket. DMF ser av varslingsbrevet at tiltakshavar, Vest-Telemark Pukkverk AS, står som mottakar av planforslaget. DMF har ingen særskild merknad til endringa av åtkomsten, og viser til eventuelt fråsegn frå tiltakshavar.

Øveråslia

Det går fram av plankart og kapittel 9.9 s. 57 i planomtala, at den endra åtkomstvegen til Herremo fører til at ca. 0,3 daa av arealføremålet regulert til *steinbrot og masseuttak* blir gjort om til *annan veggrunn - grøntareal*. Området regulert til vegetasjonsskjerm blir noko smalare, men vegetasjonsskjermen vil framleis ha ein breidde på 10 meter. Endringa av åtkomstvegen er i konflikt med tildelt driftskonsesjon, og planomtala inneheld ingen vurderingar av om og korleis følgjer endringane i planen vil ha for uttaksdrifta. Tiltakshavar for uttaket, Herremo Pukk og Grus AS, bør bli orientert om og få anledning til å kome med fråsegn til planen for å avklare endringane. DMF kan ikkje sjå at tiltakshavar står som mottakar av planforslaget. Tiltakshavar står som kopimottakar av dette brevet.

Massehandtering

I kapittel 9.14 i planomtala er det estimert at det må takast ut 152 500 m³ lausmassar og 1 050 m³ berg. Det er berekna eit fyllingsbehov på 100 000 m³, som gir eit masseoverskot på 54 000 m³. Overskotsmassar skal transporterast ut av anlegget. Det kjem ikkje fram av planen korleis overskotsmassane skal handterast.

Det er berekna at det er behov for 72 000 m³ steinmassar til etablering av vegoverbygginga. Det er lite tilgang på berg innanfor anleggsområdet, og det er vurdert at det er nødvendig å tilføre steinmassane utanfrå. Det skal bli nytta grusførekomstar frå anlegget så langt dette er forsvarleg med tanke på vegens bereevne. DMF vurderer at mest mogleg utnytting av overskotsmassar frå anlegget er i tråd med nasjonale føringar.

I føresegn 6 første setning, står det at mellombels massedeponering kan gå føre innanfor føresegnsområde for *mellombels bygge- og anleggsområde*. DMF legg



dermed til grunn at masseuttaka ikkje skal nyttast til mellomlagring og handtering av
overskotsmassar.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida
vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløyning, som er eit nyttig
verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med
relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:
Statens vegvesen

Kopi til:
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Herremo Pukk og Grus AS
Vest-Telemark Pukkverk AS



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Arslan Ali-Khan, 33371106

Fråsegn - høyring - reguleringsplan - Midt-Telemark - Seljord - detaljregulering for Rv 36 Manheimstrondi - Hønså bru - planID 202501

Vi viser til oversending frå Statens vegvesen, datert 23.02.2026.

Saka gjeld

Saka gjeld detaljregulering for rv. 36 Manheimstrondi – Hønså bru – Verpe i Seljord og Midt-Telemark kommunar. Reguleringsplanen legg til rette for ny bru over Hønså som erstatning for eksisterande bru, samt utbetring av rv. 36 til gjennomgåande standard med 9,0 meter vegbreidde på strekninga frå Manheimstrondi til Verpe. Den aktuelle strekninga har ei lengd på om lag 3,3 km.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og vergemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen er vidareført inntil vidare med Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar òg på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatt nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Fagavdelingane sine vurderingar

Vi viser til våre innspel i fråsegn ved varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Manheimstrondi – Hønså bru, datert 28.10.2026.



Jordvern

Landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren kan akseptere arealbruksendring av dyrka jord i denne saka, sett i lys av tiltaket si samfunnsnytte knytt til trafikksikkerheit og nødvendig utbetring av rv. 36. Det er positivt at det er utarbeidd ein eigen matjordplan som gjer greie for både permanent og mellombels arealbruksendring av dyrka mark, samt prinsipp for handtering, mellomlagring og tilbakeføring av matjord.

Statsforvaltaren vil samstundes understreke at rigg- og anleggsområde på dyrka og dyrkbar jord kan medføre betydeleg risiko for forringing av jorda si produksjonsevne. Slike areal bør difor så langt som mogleg unngåast nytta til rigg og anlegg, og eventuell bruk bør avgrensast til eit strengt nødvendig omfang.

Dersom dyrka jord likevel må nyttast til rigg- eller anleggsføremål, føreset Statsforvaltaren at kommunen si landbruksmyndigheit blir involvert også ved mellombels arealbruksendring, og at dette skjer i tråd med godkjend matjordplan. Det må stillast krav om at areala blir tilbakeførte til fulldyrka jord etter avslutta anleggsperiode, og at det blir etablert gode rutinar som hindrar jordpakking, forureining eller annan påverknad som kan redusere areala sin framtidige verdi som matjord.

Naturmangfald

Det visast til kartlagt naturtype gamal furuskog med liggjande daud ved, avsett til omsynssone H560_2 i plankartet. Statsforvaltaren merkar seg at planen inneheld avbøtande tiltak knytte til denne lokaliteten, mellom anna krav om flytting av delar av liggjande daud ved i samband med gjennomføring av tiltaket. Slike tiltak kan bidra positivt, men vi vil samstundes peike på at verdien av naturtypen i stor grad er knytt til areal, kontinuitet og økologisk samanheng, og at avbøtande tiltak åleine ikkje fullt ut erstattar vern gjennom arealdisponering.

Statsforvaltaren viser vidare til at delar av arealet med kartlagt naturtype også er avsett til formålet annan veggrunn (AVG). For å styrkje omsynet til naturtypen, oppmodar Statsforvaltaren kommunen til å vurdere om AVG-formålet kan avgrensast slik at det ikkje omfattar areal med kartlagt naturtype.

Ei slik justering av plankartet vil kunne bidra til ei meir føreseieleg og robust forvalting av naturverdiane over tid, samstundes som planen elles kan gjennomførast i tråd med føremålet. Statsforvaltaren ser dette som eit tenleg grep for å redusere potensiell konflikt mellom vegformål og omsyn til naturmiljø.

Med helsing

Astrid Lie Olsen (e.f.)
plansjef

Arslan Ali-Khan
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
TELEMARK FYLKESKOMMUNE
MATTILSYNET

SELJORD KOMMUNE
MIDT-TELEMARK KOMMUNE

Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Postboks 2844 3702 SKIEN
Felles postmottak 2381 BRUMUNDDAL

Postboks 383 3840 SELJORD
Brøløsvegen 13A 3800 BØ I

Bøgata 67 3800 TELEMARK

Fra: "/o=First Organization/ou=Exchange Administrative Group(FYDIBOHF23SPDLT)/cn=Recipients/cn=0003BFFD08D9CE38" <IMCEAEX-
_O=FIRST+20ORGANIZATION_OU=EXCHANGE+20ADMINISTRATIVE+20GROUP+28FYDIBOHF23SPDLT+29
_CN=RECIPIENTS_CN=0003BFFD08D9CE38@eurprd01.prod.exchangelabs.com>
Sendt: tirsdag 18. november 2025 17:09:41
Til: "Torbjørn Holte" <torbjorn.holte@vegvesen.no>
Emne: RE: Rv 36 Hønså bru_første utkast arealplan


Hei,

Har sett over forslaget "*Rv 36 Hønså bru_første utkast arealplan*" og finner dette forslaget **ikke akseptabelt** da det vil ta veldig mye av min dyrkamark.

Mitt forslag er at, men bygger en mindre bro nedenfor Hønså bru og sammenføyer vegen til hyttene med vegen på Hegna siden (rød boks)

Videre at jeg beholder min opprinnelige avkjøring til R36 da dette også vil spare dyrkamark.

Spørsmål:
Hva viser det stiplede/skravert arealet og det brune areal?
Er det fyllinger?



Sent from [Outlook](#)

From: Torbjørn Holte <torbjorn.holte@vegvesen.no>

Sent: Thursday, November 13, 2025 12:45


To: Alf Kjetil Runningen <higland3@outlook.com>

Subject: Rv 36 Hønså bru_første utkast arealplan

Hei

Viser til telefonsamtale nettopp.

Det er ønske om å begrense antall adkomster. Denne planløsningen løser det, så vi ønsker å presentere denne nå (utklipp under). Meld tilbake ditt syn, om dette er akseptabelt eller ikke. Evt andre varianter.



Med hilsen
Torbjørn Holte


Statens vegvesen, Drift og vedlikehold
Drift og vedlikehold sør, Plan og utbygging sør
Besøksadresse: Bataljonveien 15, 3734 SKIEN
Mobil: +47 952 19 623 **epost:** torbjorn.holte@vegvesen.no
www.vegvesen.no **epost:** firmapost@vegvesen.no

From: Alf Kjetil Runningen
Subject: Merknader til sak nr. 24/315539.
To: firmapost@vegvesen.no
Sent: April 17, 2026 2:48 PM (UTC+02:00)
Attached: RE_ Rv 36 Hønså bru_ første utkast arealplan.eml

Til den det måtte gjelde.


Jeg Alf kjetil Runningen er eier av 10/1 og 10/13 i Seljord kommune og har følgende merknader til Detaljregulering for Rv 36 Hønså bru, planID 202501.

1. Kan ikke se at en av mine tidligere kommentarer til utbyggingen er registrert, ref vedlagt mail.
 - a. Ser at forslaget er noe redusert, men mener fortsatt at det tas mye dyrkamark fra min eiendom.
 - b. Jeg ønsker fortsatt at det blir bygd en ekstra bro over elven for hyttene, slik som min mail viser.
2. Virker som alle mine landbruksavkjøringer har blitt fjernet, ref tidligere kart som jeg sende på mail den 11.05.2025 som viste disse. Dette er spesiell lite akseptabelt for avkjøringen til beite mitt, se kart under.
 - a. Tilgang til dette arealet vil da bli sperret pga bekken som deler arealet vekk fra resten av 10/1.
 - b. Et alternativ kan være å lage en «bro over bekken slik at jeg kommer over med traktor og dyr.
 - c. At de andre landbruks avkjøringen fjernes kan jeg muligens akseptere.



3. Kan ikke se at det har blitt vurdert erstatnings areal for det arealet som permanent blir beslaglagt fra min eiendom 10/1 og 10/13.
 - a. Ønsker arealet i den røde «trekanten», se bilde under, oppgraderes til fulldyrka jord etter tiltaket.

- b. Dette tenker jeg er også i vegvesenets interesse, da jeg ser at dere har overskudd av masse som et resultat av utbyggingen.



4. Finner det litt merkelig at støyen skal gå ned når veien blir utvidet, men regner med at støydempende tiltak skal diskutert i mere detalj senere, ref. også uttalelsen om støygrense.

PLANOMTALE Side 61:

Manheimstrondi 1513	10/1	61	61	0
Manheimstrondi 1511	10/1	64	63	-1

Føresegnene set øvre støygrense på Lden 55 dBA ved uteplass til bustad og fritidsbustad og utanfor rom med støysensitiv bruk.

5. Hvis jeg har forstått det riktig, tenker man å flytte dagens lyssetning over veien og ned på min eiendom.
- a. Dette er jeg imot, da det vil beslaglegge ytterligere areal og jeg skjønner ikke logikken når man allerede har lyssetning på nordsiden av veien og man evt bare trenger å forlengge denne med noen få master.
 - b. Jeg vil også få ytterligere lys inn i huset mitt på natten, ved den foreslått løsningen.

Ljossetting

Nye vegljøs skal etablerast langs strekka mellom 60-60 skilt, plassert 3 meter frå den kvite stripa på sørsida av Rv.36 mot Seljordsvatnet. I overgangssona skal dei to første og dei to siste mastene i lysrekka langs Rv 36 etablerast. I tillegg skal busshaldeplassen få ny ljøssetting.



Trenger 1 eller 2 master til. Mot Bø går mastene helt til 60 skiltet.

Mvh

Alf Kjetil Runningen

Tlf + 47 95 00 77 67

Email: higland3@outlook.com

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref: 24/315539
Vår ref: 2025/91323
Dato: 20.04.2026

Mattilsynets uttale til forslag til detaljreguleringsplan for Rv 36 Hønså bru - Midt-Telemark og Seljord kommune

Vi viser til brev datert 5. mars 2026, og avtale om utsett høringsfrist til 20. april 2026.

Saksopplysninger

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny bru over Bjønndøla og gode planløsningar på begge sider av vassdraget, og utbetring av strekninga elles til 9,0m vegbreidde for Rv 36 frå Verpe til Mannheimsstrondi. Strekninga er på om lag 3,3 km.

Mattilsynets rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatt. Som høringsinstans skal vi bidra med å vareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Vi viser til uttalen vår til oppstartsvarselet, datert 29. april 2025, der vi skreiv at skildring og føresegner i reguleringsplanen må ta fleire omsyn, både til drikkevatt, plantehelse og helse og velferd hos fisk og dyr. I tillegg viser vi til tilleggskunngjering om utviding av planområde, der vi i uttale, datert 30. oktober 2025, skreiv om konsekvensar for drikkevassforsyninga til Bø vassverk og at denne må vernast. I denne uttalen har vi merknader til drikkevatt og plantehelse.

Konklusjon

For å sikre vassforsyninga til Bø vassverk, ber vi om at det:

- innførast ei rekkefølgeføresegn som krev at før anleggsarbeid startar, skal det utarbeidast ein tiltaksplan for drikkevatt som dekker både anleggs- og driftsfasen. Planen skal godkjennast av Midt- Telemark kommune.

- utarbeidast ein beredskapsplan for handtering av hendingar som kan påverke grunnvassførekomsten. Det bør stillast krav i føresegnene om at det føreligg ein godkjent plan før anleggsarbeid startar.

For å sikre private vassforsyningar, ber vi om at det gjennomførast ei full kartlegging og lages ein plan for å sikre desse mot negativ påvirkning. Dette gjeld både med tanke på forurensningsfare og leveringssikkerheit.

For å sikre mot spreining av planteskadegjerarar og floghavre, må matjordplanen ivareta dette temaet. Når floghavre er påvist på eigedomar, må de søkje til Mattilsynet før jorda blir flytta. Det må avklarast sikker status for PCN.

Drikkevatn

Mattilsynet forvaltar drikkevannsforskriften. Vårt ansvarsområde i planarbeid er knytt til vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og leveringssikkerheit for nok og trygt drikkevatn til innbyggjarane.

Kommunal vassforsyning

Øvre Bø-grunnvassførekomsten på Herremo er hovuddrikkevasskjelda til Bø i Midt-Telemark kommune. Rv 36 kryssar grunnvassførekomsten, og planområdet til vegstrekninga som skal utbetrast er innanfor omsynssonene til drikkevassforsyninga til Bø vassverk. Vegstrekninga kryssar i tillegg hovudvassleidningar fleire stader og vegen går parallelt med hovudvassleidning på delar av strekninga. Vi vurderer at utbetring av vegstrekninga har vesentleg risiko for å påverke dagens vassforsyningssystem.

Bø vassverk forsyner ca. 5000 abonnenter, inkludert omsorgssenter, skuler og andre sårbare abonnentar. Grunnvasskjelda på Herremo er difor en drikkevasskjelde det er viktig å verne, og mangel på reservevasskjelder medfører auka behov for beskyttelse. Det er avgjerande for gjennomføring av vegprosjektet at verken anleggsfasen eller driftsfasen påverkar vassforsyningssystemet negativt. Dette er viktig for å sikre at vassverket til ei kvar tid kan levere trygt og tilstrekkelig drikkevatn til abonnentene.

I planomtala står det «*Grunnvasskjelda for Bø vassverk ligg innanfor planområdet, og denne skal beskyttast for ureining.*» Det er positivt at det kjem klart fram at grunnvasskjelda skal vernast, og at det har vore dialog med Midt-Telemark kommune i løpet av planprosessen der handtering av overvatn i planen og viktigheta ved ivaretaking av drikkevasskjelda har vore tema.

I planomtala står det «*Føresegnene og sikringssona knytt til drikkevasskjelda er vidareført og justert frå den eksisterande områdeplanen. Det er også innført nye tiltak som skal redusere*

risikoen for ureining frå riksvegen.» I opplisting av «grep som er gjort for å sikre drikkevasskjelda» står det blant anna:

«• Det lukka VA-system med utsleppsleidning nedstrøms Bøelva skal vidareførast og det skal tilretteleggast ei ny vegframføring, jf. VA-rammeplanen.

• Føresegnene set krav om at infiltrasjon frå overvatn frå KV1 (riksveg 36) skal løysast i miljøoppfølgingsplan, og at utslepp frå trafikkulykker og anna ureining frå vegen ikkje blir infiltrert i grunnvatnet. Detaljert løysing skal vere fastsett i miljøoppfølgingsplan og vere godkjent av kommunen.»

Det er stilt følgjande rekkjefølgjeføresegn om Miljøoppfølgingsplan:

«Før ein kan få løyve til tiltak innafor hovudføremåla Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, Grønstruktur og bruk og vern av sjø og vassdrag, arealformålet VF eller omsynssoner H120, H560, H570, #MBA, skal det føreliggje ein miljøoppfølgingsplan. Planen skal vere bindande for gjennomføring av tiltak innanfor desse føremåla/omsynssonene/føresegnområde. Miljøoppfølgingsplanen skal vere godkjend av kommunen før anleggsstart.»

Tiltaka som er føreslått ser ut til å beskytte vassforsyninga i driftsfasen når vegprosjektet er ferdig, men det er lite detaljerte løysningar i detaljreguleringsplanen. Dette gjer det vanskeleg å vite om tiltaka er godt nok planlagt og dimensjonert for ulike scenario. Til dømes er løysning for overvasshandtering ikkje bestemt. Denne skal fastsettast i miljøoppfølgingsplan som skal godkjennast før anleggsarbeid kan starte. Det er heller ingen omtale av korleis vassforsyninga skal ivaretas i anleggsfasen. Vi er usikre på om ein miljøoppfølgingsplan er riktig type plan til å dekke alle aspekt som gjeld vassforsyninga, og vi ser at denne planen også skal dekke mange andre område.

Vi vurderer at føresegn om godkjent miljøoppfølgingsplan ikkje sikrar vassforsyninga godt nok. I andre vegprosjekt som omfattar vasskjelder ser vi at det vert stilt krav om ein eigen tiltaksplan for drikkevatt. Ein slik tiltaksplan skal beskrive risikoar for vassforsyninga i både anleggsfasen og driftsfasen, og gi ein detaljert plan for korleis arbeidet skal utførast og kva tiltak som er nødvendige for å sikre vassforsyninga.

Vi ber difor om at det innførast ei rekkefølgjeføresegn som krev at før anleggsarbeid startar, skal det utarbeidast ein tiltaksplan for drikkevatt som dekker både anleggs- og driftsfasen. Planen skal godkjennast av Midt- Telemark kommune.

Sidan Bø vassverk skal oppretthalde drift i anleggsperioden, er det også nødvendig med beredskapsplanar for handtering av akutt ureining av grunnvassførekomsten, eller andre hendingar som påverkar levering av vatn. Vi foreslår difor at det vert stilt krav i føresegner om at det føreligg ein godkjent beredskapsplan for handtering av akutt ureining knytt til grunnvasskjelda og andre uønskte hendingar. Beredskapsplanen skal vere kjent for alle aktørar i anleggsområdet og beskrive konkrete tiltak ved avvik/ hendingar.

Privat vassforsyning

Vegprosjektet må gjennomførast slik at også den delen av befolkninga som ikkje er tilknytt kommunal drikkevassforsyning, beheld tilgang på tilstrekkeleg og trygt drikkevatt både i anleggsfasen og i driftsfasen.

I planomtala står det «*Ein del private brønner er kartlagt, men det er grunn til å tru at fleire brønner ikkje er registrert.*» og «*Private spillvassleidningar og spreiegrøfter er kartlagt. Desse blir ikkje direkte råka av tiltak i planen, men må takast omsyn til i anleggsfasen.*» Tilsvarande står det i VA-rammeplan at «*Det er også en betydelig andel private VA-anlegg i området, i form av septiktanker, spredergrøfter og drikkevannsbrønner.*»

Sjølv om det er kartlagt at det er private vassforsyningar i planområdet, kan vi ikkje sjå at desse er følgt opp med risikovurdering eller vernetiltak.

Vi forventar at det gjennomføres ei fullstendig kartlegging av alle private vassforsyningar, og at det blir laga ei plan for korleis desse skal varehaldast før anleggsarbeidet startar. Dette inneber at negative konsekvensar av anleggs- og driftsfasen må utreies og avbøtande tiltak må identifiserast og fastsettast før gjennomføring av vegprosjektet.

Plantehelse

Mattilsynet forvaltar forskrift om plantehele og forskrift om floghavre. Vårt ansvar i planarbeid er å hindre spreieing av planteskadegjerarar og floghavre som kan gi alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar.

Det er jordbruksområda langs Rv. 36 som i hovudsak er nytta til grasproduksjon, men også noko korn. Vegprosjektet inneber flytting av jord. I planomtala står det at «*Breiddeutvidinga av Rv. 36 vil føre til at 7,4 daa fulldyrka jord og 0,2 daa innmarksbeite blir permanent omdisponert. I tillegg vil anleggsfasen føre til ei midlertidig omdisponering av 13,6 daa fulldyrka jord og 0,1 daa innmarksbeite. Dette er i hovudsak anleggs- og riggområde.*»

Plantskadegjerarar og ugras kan spreie seg ved flytting av jordmassar, og med restar av jord, planter og frø på maskiner og utstyr. Dette kan føre til store negative konsekvensar for eigedomane jorda blir flytta til.

Floghavre

I planomtala står det «*Det er registrert floghavre på to av eigedommane innanfor planområdet i Midt-Telemark.*»

Føresegnene set krav om at ein matjordplan skal utarbeidast og godkjennast av kommunanes landbrukskontor før ein kan få løyve til tiltak.

I matjordplanen står det: «*Ifølge floghavreregisteret hos Mattilsynet er det registrert floghavre på følgende eiendommer: • 28/1 (Midt-Telemark kommune) • 28/3 (Midt-Telemark kommune).*» Det står også «*Status for planteskadegjørere og fremmede arter må oppdateres før anleggsstart. Flytting av matjord må gjennomføres uten risiko for spredning av planteskadegjørere, jf. Matloven § 18 og gjeldende forskrifter. Naturmangfoldloven og forskrift om fremmede organismer (FOR-2015-06-19-716) pålegger aktsomhetsplikt til ikke å bidra til spredning av fremmede arter.*»

Når floghavre er påvist på eigedomar, må de søkje til Mattilsynet før jorda blir flytta. Søknaden må inkludere ein plan for korleis jorda skal brukast, kart, korleis transporten skal gjennomførast, og korleis maskinar og utstyr skal reingjerast.

